

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/35

av 3. juni 2004

om godkjenning av at den maltesiske databasen for storfe er i full drift(*)

*[meldt under nummeret K(2004) 1964]***(Berre den engelske teksta er gyldig)**

(2004/588/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til tilmeldingsakta for Den tsjekkiske republikken,
Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen,
Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 57, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system
for identifikasjon og registrering av storfe og om merking
av storfekjøtt og storfekjøttprodukter og om oppheving av
rådsforordning (EF) nr. 820/97⁽¹⁾ har Malta lagt fram ei
oppmoding om godkjenning av at databasen deira, som
er ein del av det maltesiske systemet for identifikasjon og
registrering av storfe, er i full drift.
- 2) Den europeiske unionen har merkt seg oppmodinga frå
Malta, og uttalt at oppmodinga bør handsamast etter dei
framgangsmåtane som var gjeldande før tilmeldinga.
- 3) Dei maltesiske styresmaktene har sendt over relevante
opplysningar som vart ajourførde 25. mars 2004.
- 4) Dei maltesiske styresmaktene har plikta seg til å gjere
basen meir påliteleg, særleg ved å sikre at i) tilleggstiltak,
medrekna kontrolltiltak, vert gjorde for å sikre at fristane
for melding om kalving og dødsfall vert avgrensa til høgst
sju dagar, ii) tilleggstiltak skal verte gjorde for å gjere det
mogleg med snøgg retting av alle feil eller manglar som
kan oppdagast automatisk eller ved kontroll på staden,

iii) databasen over hendingar skal styrkjast gjennom
utvikling av eit automatisk alarmsystem for påvising av
feil i og brot på restriksjonane, iv) melding om tilskot vert
førde inn både i databasen og i pass, v) det vert gjort tiltak
for å sikre at kontrollar av identifikasjon og registrering av
storfe vert utførde i samsvar med kommisjonsforordning
(EF) nr. 1082/2003⁽²⁾.

- 5) Dei maltesiske styresmaktene har plikta seg til å setje i
verk desse betringstiltaka innan 30. april 2004.
- 6) På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er det
føremålstenleg å godkjenne at den maltesiske databasen
for storfe er i full drift —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Det er godkjent at den maltesiske databasen for storfe er i full
drift frå 1. mai 2004.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Malta.

Utførda i Brussel, 3. juni 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 257 av 4.8.2004, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 11.

⁽¹⁾ TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1. Forordninga endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽²⁾ TEU L 156 av 25.6.2003, s. 9. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 499/2004 (TEU L 80 av 18.3.2004, s. 24).